

Oppfølgingsliste 5/2019

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Sak-nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
38/18	FR Musea i Sogn og Fjordane – oppfølging av vedtak i FT-sak 3/18	06/09		Vedtak: <ol style="list-style-type: none">1. Tilbakemeldingane frå fylkesrådmannen og Musea i Sogn og Fjordane vert tekne til vitande.2. Kontrollutvalet vurderer oppfølginga av punkt 3 og 4 til å vere i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i sak 3/18.3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om tydlegare tilbakemelding på punkt 1 og 2 i fylkestingsvedtaket.
47/18	FR – Utdannings- og yrkesrådgjeving i vgs-rapport	20/11	Juni 2019	Vedtak: Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak: <ol style="list-style-type: none">1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdanning og yrkesrådgjeving til etterretning2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:<ol style="list-style-type: none">1. Sikre at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.2. Sikre at terskelen for å søke rådgjeving vert lågast mogeleg til dømes gjennom tilbod om individuelle samtaler på initiativ frå rådgjevar.3. Vurdere korleis innspela frå elevane om forbetringar knytt til utdannings og yrkesretteiinga kan følgjast opp. Under dette:<ol style="list-style-type: none">a. om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>b. sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om innholdet i ulike Vg2 tilbud</p> <p>c. sikre rådgjeving/karrieresamtale før Vg3</p> <p>d. vurdere rådgjeving/informasjon knytt til kva moglegheiter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag</p> <p>4. Vurdere om og korleis næringslivet i større grad kan involverast i rådgjevarane og skulane sitt informasjonsarbeid knytt til utdanningsval.</p> <p>5. Arbeide for at rådgjevarane i vidaregåande skule innfrir tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet og at det blir utarbeidd planar for kompetanseutvikling for rådgjevarane i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule.</p> <p>6. Sikre at tiltak som skal bidra til auka kompetanse hos rådgjevarane i vidaregåande skule blir evaluert jamleg for å sikre best mogleg utbytte.</p> <p>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 30.05.2019.</p> <p>Fylkestinget behandla rapporten og vedtok tilrådinga frå KU med endring av ordet utplassering til arbeidspraksis i pkt. 2.3a, og endring av pkt 2.4 til Sikre at næringslivet, kommunane, vidaregåande skular og rådgjevarane samarbeider og informerer om yrke- og utdanning etter ein heilskapleg plan frå 8.-13. trinnet.</p>
51/18	Skriv, meldingar og orienteringar 20.11.18	20/11		<p>Vedtak:</p> <p>1. Status finansiell revisjon v/SF revisjon IKS</p> <p>SF revisjon orienterte om status</p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>for finansiell revisjon. Revisjonen orienterte også om gjennomført kvalitetskontroll, der SF revisjon IKS fekk karakter godkjent. Status og orientering vart tekne til vitande.</p> <p>AVSLUTTA</p> <p>Kontrollutvalet ba sekretariat og SF revisjon IKS utarbeide avtale om finansiell revisjon 2019, med ferdigstilling våren 2020. Avtalen leggst fram for politisk handsaming våren 2019.</p> <p>AVSLUTTA</p>
2/19	Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala	11/02	15. mai	<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet bestiller desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018, med utgangspunkt i vedlagde forslag til prosjektplan 2. Samla timetal på inntil forslaget i prosjektplanen vert akseptert 3. Kontrollutvalet ber om ferdig verifisert rapport med fylkesrådmannen sin uttale innan 15. mai <p>Sjå sak 32/19</p> <p>AVSLUTTA</p>
14/19	FR – HMT og inkluderande arbeidsliv - rapport	1/04		<p>Vedtak - Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til etterretning 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen: <ol style="list-style-type: none"> a. Tydeleggjere fylkeshovudverneombodet si rolle ytterlegare b. Sikre at det vert valt verneombod i alle verneområde c. Ferdigstille følgjande påbyrja tiltak: <ol style="list-style-type: none"> i. Sikre at det jamleg og i samarbeid med arbeidstakarane og deira tillitsvalde blir utarbeidd risikovurderingar, mål og handlingsplanar i alle einingar, inkludert risikovurderingar knytt til vald og truslar

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<ul style="list-style-type: none"> ii. Sikre at risikovurderingar og handlingsplanar blir utarbeidd med tilstrekkeleg kvalitet, og i samarbeid med dette vurderer auka krav til bruk av fylkeskommunen sine malar iii. Sikre at rutinar og malverk kontinuerleg vert oppdatert i høve til gjeldande regelverk og organisering iv. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval v. Sikre at det blir gitt nødvendig opplæring <ul style="list-style-type: none"> 1. I høve vald og truslar om vald 2. Kva som er å rekne som avvik og korleis dette skal meldast 3. Verneombod og leiarar <p>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å sikre at følgjande tiltak vert teke med og implementert i nye Vestland fylkeskommune</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering b. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval c. Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringar

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>d. Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbetring av tenestene</p> <p>4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet</p> <p>Fylkestinget vedtok KU si tilråding med tillegg av eit nytt pkt. 2c VI i FT-sak 1/19. Pkt 2c VI - Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for at frikjøpsordninga blir vurdert. Dette for at vernetenesta skal kunne ivareta si rolle.</p>
17/19	Skriv, meldingar og orienteringar 1. april 2019	1/04		<p>Vedtak:</p> <p>1. Status Forvaltningsrevisjon</p> <p>c. VIGO status v/kontrollsjefen</p> <p><i>Kontrollsjefen orienterte om behandling av saka i Trøndelag fk. Vi avventer behandling til endeleg fylkestingsvedtak i Trøndelag fk. Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>4. Reiserekningskontroll politisk nivå. Saka er bestilt hjå SF revisjon IKS (Sjå vedlegg)</p> <p><i>Bestillinga vart teken til orientering.</i></p> <p>AVSLUTTA</p>
25/19	Trivselshagen IKS – FR - Prosjektplan	7/5		<p>Vedtak:</p> <p>1. Prosjektplanen vert godkjent som framlagd</p> <p>2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon seinast 16. september 2019</p>
26/19	Skriv, meldingar og orienteringar KU 6. mai 2019	7/5		<p>Vedtak:</p> <p>1. Orientering frå leiar og kontrollsjef <i>Kontrollutvalet går inn for at kontrollsjefen arbeider med kontrollutvalssaker til Hordaland fylkeskommune i ei viss</i></p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p><i>utstrekning ut året. Kontrollsjefen må sjølv avgjere omfanget.</i></p> <p><i>Kontrollutvalet diskuterte eventuell ordning for at kontrollutvalsmedlemmer kan stille i sine partigrupper i framkant av fylkestinga for å legge fram kontrollutvalet sine saker som skal til fylkestingsbehandling. Utvalet går inn for at dette skal vere mogeleg slik at kontrollutvalssakene vert betre kjende til fylkestingsbehandling. Den enkelte sender søknad til kontrollsjefen om dekning av møtegodtgjersle, reisekostnader og diett i samband med slike møte.</i></p> <p><i>Kontrollutvalet ba kontrollsjefen ta med oppmøte i partigruppene før fylkestingsbehandling av kontrollutvalssaker, som innspel i saka om reglement, der ein vil legge opp til at kontrollutvalsmedlemmane som ikkje er medlemmer i fylkestinget har høve til å få dekka reise- og diett i tillegg til møtegodtgjersle for å delta på gruppemøte i framkant av fylkesting der kontrollutvalssaker er på sakskartet.</i></p> <p>Vedtaket vart 13. mai sendt sekretariatet for kontrollutvalet i Hordaland fk som innspel i reglementssaka.</p> <p>AVSLUTTA</p>
31/19	Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 28.05.2019	28.05		<p>Vedtaket:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte <ol style="list-style-type: none"> a. FR Trivselshagen IKS <p><i>Deloitte har mottatt forespørsel frå styreleiar om utsetting av fristar for tilbakemelding i samband med denne forvaltningsrevisjonen, noko som vart tatt opp med kontrollutvalsleiar og kontrollsjef. Leiar i utvalet i samråd med kontrollsjef ga tilbakemelding til</i></p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p><i>revisor om at ein ynskjer å gjennomføre prosjektet innan opphavleg frist.</i></p> <p>2. Status på saka om reiserekningskontroll v/SF revisjon IKS</p> <p><i>Revisor orienterte om status for kontrollen. Saka vert ferdig til møte i kontrollutvalet 2. september.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>3. Fylkeshovudverneombodet (FHVO) si vurdering av oppfølging FR HMT og inkluderande arbeidsliv via HSU, og svar frå HSU-sekretariatet</p> <p><i>Skriva vart teken til vitande.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>4. Møteprotokoll frå representantskapsmøtet i Trivselshagen IKS 26. april 2019</p> <p><i>Møteprotokollen vart teken til vitande.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>5. Orientering etter eigarmøte og gen.fors. Firda Billag v/Djuvik</p> <p><i>Frank Willy Djuvik orienterte om generalforsamlinga i Firda Billag. Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>6. Orientering frå leiar og kontrollsjef</p> <p><i>a. Generalforsamlingar:</i></p> <p><i>i. Generalforsamling i Ferde 28. mai – kontrollutvalet stiller ikkje</i></p> <p><i>ii. Generalforsamling i Skyttel 28. mai – kontrollutvalet stiller ikkje</i></p> <p><i>iii. Generalforsamling i Sogn og Fjordane teater 31. mai, Førdehuset – Frank Willy Djuvik</i></p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p style="text-align: center;"><i>deltek</i> AVSLUTTA</p> <p><i>Informasjon frå FKT om eige FKT- arrangement på Arendalsuka 13. august kl. 13.00. Adresse for arrangementet er Kirkens Bymisjon, Vestregt. 2.</i></p> <p>AVSLUTTA</p>
32/19	Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018	28/5		<p>Vedtak: Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p> <p style="padding-left: 40px;">1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018 vert teken til vitande.</p> <p>Fylkestinget vedtok å ta rapporten til vitande i møte 4. juni 2019.</p> <p>AVSLUTTA</p>
33/19	Selskapskontroll VIGO IKS - rapport	28/5		<p>Vedtak: Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p> <p style="padding-left: 40px;">1. Fylkestinget sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune og ber vår eigarrepresentant påsjå at selskapet ved styret:</p> <p style="padding-left: 80px;">a. overheld lov om interkommunale selskap når det gjelder utsending av sakliste og protokollering.</p> <p style="padding-left: 80px;">b. synleggjer risiko ved anskaffingar i selskapet sine strategiar og rutinar.</p> <p style="padding-left: 80px;">c. fortset med implementering av system for internkontroll og at handteringa av personvernopplysningar er i tråd med gjeldande lov og forskrift.</p> <p style="padding-left: 40px;">2. Fylkestinget ber vår eigarrepresentant støtte forslaget i representantskapet om:</p> <p style="padding-left: 80px;">a. at styret evaluerer sitt eige behov for</p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>innhente nødvendig kompetanse i styrearbeidet for å møte framtidige utfordringar for selskapet.</p> <p>b. at styret evaluerer selskapet sitt behov for å etablere eit permanent og breiare fagmiljø for å redusere behovet for konsulentbistand.</p> <p>3. Fylkestinget tek rapporten for øvrig til orientering</p> <p>4. Det vert lagt til grunn at kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune føl opp vedtaket gjort av fylkestinget i eige fylke</p> <p>Fylkestinget vedtok 4. juni innstillinga frå kontrollutvalet. Vedtaket er ekspedert til eigarrepresentanten via administrasjonen.</p> <p>AVSLUTTA</p>
34/19	Kjøp av finansiell revisjon og eigarskapskontroll 2019	28/5		<p>Vedtaket:</p> <p>1. Vedlagde avtale med SF revisjon IKS om ferdigstilling av revisjon av 2019 - rekneskapen våren 2020, vert godkjent</p> <p>Vedtaket er sendt kontrollutvalssekretariatet i Hordaland fk i samband med budsjettarbeidet for 2020.</p> <p>AVSLUTTA</p>
35/19	Konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune - arbeidsmøte			<p>Vedtaket:</p> <p>1. Kontrollutvalet støtter den faglege vurderinga gjort av sekretariata.</p> <p>AVSLUTTA</p>
36/19	Budsjett for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 2020			<p>Vedtaket:</p> <p>1. Kontrollutvalet godkjenner førebels budsjettforslag for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2020 med dei innspel som kjem fram i møtet.</p> <p>2. Kontrollutvalet ber kontrollsjefen om å legge fram endeleg forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune i 2020 i møte 02.09.2019.</p> <p>Kontrollutvala i dei to fylkeskommunane vil få framlagd budsjettsak i møte 2. september</p> <p>AVSLUTTA</p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
37/19	Oppfølging av arbeidet i kontrollutvalet 28. mai 2019			Vedtak: 1. Oppfølgingsliste 4 – 2019 vert teken til vitande AVSLUTTA
38/19	Forhandlingsprosess melom BKK og Sogn og Fjordane fk	28/6		Vedtak: 1. Kontrollutvalet ber kontrollsjefen om å utforme spørsmål og problemstillingar til fylkesrådmannen basert på saksframlegget og innspel i møtet. 2. Kontrollsjefen blir bedt om å utarbeide tilleggsspørsmål, som eventuelt kan stillast til andre aktørar, der dette er nødvendig. 3. Kontrollsjefen får mandat til å gjere egne vurderingar og engasjere eksterne kompetanse der dette er føremålstenleg. 4. Kontrollutvalet ber om ei sak med forslag til vidare prosess.

Oppdatert 19.7.19